

EIT FARGERIKT LIV

- saga om Daniel Nikolaus Aanes

Av Gunnar Rakstang

Å samanlikna levekåra i dag med dei som var for 100 år sidan, er som natt og dag. Ein kan ikkje venta at dei som veks opp i dag, kan forstå det. Den økonomiske framgangen har skapt ein ny standard både når det gjeld krav til bustad, innbu, levevis og, ikkje minst, klebunad.

Mange av dei som veks opp i dag vil helst ha alt tipp topp frå dag ein.

Den mannen som her blir omtala, hadde i utgangspunktet ikkje tilgang til slik luksus. Og slik var det for dei aller fleste både i bygd og by. Men å starta med pågangsmot og nøysemd vart ofte lønna med eit godt liv også den gongen.

Når Daniel Aanes såg tilbake på det livet han hadde levd, syntest han nok at det var ikkje så verst. Og han var nok tilfreds med at han hadde skapt sitt eige livsgrunnlag.

Dette er ei livssoge. Det finst mange slike som burde vore fortalt.



Daniel Aanes og kona Jenny

BARNDOMSHEIMEN

Daniel Aanes var fødd i Frei i 1893. Han var nummer tre av ti søsken. Foreldra budde opprinneleg i Saltkjelen under Tingvoll prestegard.

Der hadde dei slektsnamnet Brevik. Faren, Halstein, var bygningsnikkar. Familien flytta til Åneset i Frei. Det var derifrå dei hadde Aanesnamnet. I 1898 kjøpte Halstein Setra i Årsund og bygde seg heim der. Det vart etter kvart eit lite småbruk, der jordbruk vart ei attåttnæring.

UTFERDSTRONG OG EVENTYRLYST

Men det var mange munnar å metta og lite inntektsgjevande arbeid i lokalmiljøet. Difor vart det Amerika som vart redningsplanken for Daniel også. I 1911 drog han over. Da var han 18 år gamal. I emigrantprotokollen for Kristiansund finn vi at han reiste derifrå 31. mai,



merkeleg nok står det at han kom frå Kvernes. Han gjev opp «arbeider» som yrke. Reisemålet er S. Dakota. Føremålet med reisa var Haab om bedre fortj. Og som nytt arbeid «over there» ønskte han Hvad som helst. Han hadde forøvrig ingen billett, men derimot ein Rodeseddel.

Frå Kristiansund gjekk turen til Bristol - Avonmoth på vestkysten av England, men vi veit ikkje kva båt han reiste med.

Derimot har vi passasjerlista for S.S. Royal George som han reiste med vidare frå England (List or manifest of alien passengers for the United). Avgangen var 11. juni 1911. No har han nesten retta opp kvar han kom frå. For her står det at han kom frå Grimstad, og at faren var Halstein Aanes, Aarsund, Norway. Båten gjekk til Canada, men det kan ikkje dokumenterast kvar. Truleg var det i hamnebyen til Quebec. Vi veit at han gjekk i land 19. juni og dro straks over grensa til USA og vart registrert i St. Albans, Vermont alt 21. juni. Så reiste han tvers over kontinentet til ein liten by, Blaine, som ligg nær grensa til Canada eit godt stykke nord for Seattle. Vi veit at han hadde ein onkel som dreiv i sagbruksbransjen i det området. Truleg starta Daniel med eit engasjement hos onkelen.